

Viktig informasjon

Endring rutine ved ø.h. innlegging i Helse Førde frå 01.02.17.

Frå 01.02.17. endrar tre avdelingar i Helse Førde si telefonrutine for øyeblikkeleg hjelp innleggingar. Endringane gjeld medisinsk, kirurgisk og ortopedisk avdeling i Førde.

Denne informasjonen inneheld nye rutinar, men også ein repetisjon av andre ø.h. rutinar for fastlegar og legevaktslegar.

Helse Førde ber alle eksterne legar merke seg følgande punkt:

1) Ingen endring for pasientar i predefinerte akutte pasientforløp: Kontakt AMK via 113!

- Mistanke om hjerneslag.. Sjå vedlegg 1.
- Akutte brystmerter/ mistanke om akutt koronarsyndrom Sjå vedlegg 2.
- Traume. Sjå vedlegg 3.

- Andre akutte tilstandar: Ring 113 og få iverksett utrykking på raud respons (ambulanse, luftambulanse). AMK set vidare til vakthavande lege i rett avdeling.

2) Alle andre telefonar for å melde eller diskutere innlegging skal frå 01.02.17. gå via sentralbordet, tlf. 57 83 90 00.

a) Innlegging i kirurgisk, ortopedisk og medisinsk avdeling, Førde:

- a. Sentralbordet spør legen om ein har behov for direkte kontakt eller om det føreligg smitte. Viss ja set sentralbordet over til vakthavande LIS. Innleggande lege kan deretter bli sett tilbake til sentralbordet for registrering av informasjon.

- b. Dersom innleggande lege ikkje har behov for direkte kontakt, vil sentralbordet på dagtid setje direkte over til innskrivinga for registrering. På kveld/natt gjerast dette i sentralbordet.

b) Innlegging i alle andre avdelingar, Førde (KK, barn, auge, ØNH, psykisk helsevern, nevro/revma, kreft):

- a. Sentralbordet kjenner dei ulike avdelingane sin rutine, og set over til vakthavande lege (primærvakta) eller poliklinikk.

c) Innlegging lokalsjukehus (med. avd. Lærdal og Nordfjord):

- a. Sentralbordet set telefon over til vakthavande LIS som vurderer rett innleggingstad for pasienten ut frå medisinske kriterier. Sjå vedlegg 4.
- b. For pasientar til Lærdal og Nordfjord set LIS telefonen vidare til turnuslegen på lokalsjukehuset for registrering.

3) Innleggingskriv/tilvising og ambulansebestilling:

- Som før skal innleggande lege sende elektronisk tilvising med nødvendig informasjon snarast råd. Alternativt må ein sende med pasienten skriftlig informasjon, medikamentliste m.m. og ettersende den elektronisk tilvisinga.
- Ved behov for ambulanse må innleggande lege bestille denne i AMK, sjå neste avsnitt.

4) Kontakt med AMK (utanom 113):

Fastlegar og legevaktslegar skal kontakte AMK med ulike telefonnummer ut frå type henvendelse. Kvart telefonnummer går til ein definert kø med ulik hastegrad, og det er viktig at legar forheld seg til dette:


Kø navn	Kø beskrivelse	Kø telefonnummer
Akutt	Akutte/nødsamtaler fra samarbeidspartnere i kommuner/nødetater og andre AMK	57834202
Amb.best	Bestilling av ambulanse fra helseinstitusjoner, leger, LV, akuttmottak og pasienttransport	57830506
Generell	Generelle og administrative samtaler	57830500

For å sikre dykk god og rask hjelp treng AMK desse opplysningane:


- **Navn og personnummer (11 siffer) til pasienten**
- **Adresse/stad kor pasienten skal hentast**
- **Adresse/stad pasienten skal leverast**
- **”Kvifor treng pasienten ambulanse?” Kort sjukehistorie og tilstand no.**

Vedlegg:

1: Flytskjema for pasientar med akutt hjerneslag:



2: Flytskjema for pasientar med akutte koronarsuspekte brystmerter:



3. Kort informasjon om traumeplan Helse Vest for eksterne legar:

Traumesenter:


- Haukeland universitetssykehus (HUS) er traumesenter i Helse Vest

Akuttsykehus med traumefunksjon:

- Førde sentralsykehus i Helse Førde
- Ålesund sykehus i Helse Møre og Romsdal

NB! Lokalsykehusa i Lærdal og Nordfjord har ikkje traumefunksjon.

- Ein mottak pasientar med mistanke om enkle brot i ekstremitet til skadepoliklinikk NSH, LSH. Ein viser her til informasjon frå ortopedisk avdeling.
- Anna mindre skade: Kommunal legevakt.



4: Seleksjon indremedisinske ø.h. pasientar til rett sjukehus:

